



Sykkylven jeger og fiskeforening
Pb.63
6239 Sykkylven

Bankkonto nr. 40453031960

Leiar: Johnny Winsjansen
tlf. 70 25 23 21
mob. 97 00 40 10
E.post: sykkylvenjff@njff.org

Sekretær: Helge Ekornåsvåg
tlf 70 25 24 30

Kasserar: Bjarne Enstad
Tlf. 70 25 16 34

Høyringsuttale SJFF Aurdal kraftverk

SJFF vil poengtere at Aurdals elva har i all tid vert oppvekstområde for anadrome fiskeslag. Konsekvensane for desse fiskeslaga kan sjå ut til at konsesjonssøkjaren vil bagalitisere. Men som den siste undersøkinga viser er der anadrom fisk i Aurdalselva. No er det ikkje lange strekninga som gjeld anadromefisk ovanfor kraftverket som får minstevassføring slik at konsekvensane her er ikkje større enn at ein kan leve med ei minstevassføring, men den bør aukast i vinterhalvåret.

SJFF kan ikkje sjå at der i søknaden på nokon måte er teke omsyn til mulege konsekvensar ved utilsikta stopp/problem ved kraftverket, noko som i tillegg til dei nemnde ulempene og farene ved den lave minstevassføringa kan føre til at heile Aurdalselva nedanfor kraftstasjonen blir tørrlagd i løpet av få minutt, med dei følgjer dette kan få for laks, sjøaure og anna liv i elva. Det er nasjonalt fokus på den kritiske situasjonen for sjøauren, ikkje minst i vårt fylke og nabofylka, der sjøauren kjempar ein svært vanskeleg kamp mot millionar av lakseluslarvar som året rundt driv innetter fjordstraumane der sjøauren lever og oppheld seg. Mange bukkar under, og dei som greier seg møter i større grad enn før andre utfordringar også, som forureina, øydelagde, rørlagde, tørrlagde gytebekkar/småelvar. Det er i dette lyset SJFF meiner ein må sjå planane om kraftverket i Aurdalselva. Meir enn nokon gong er det no viktig å ta vare på og verne slike elvar som har anadrom fisk som oppvekstområde

Om det vert gitt konsesjon til dette kraftverket går vi ut i frå at utbyggjar som del av evt.

Konsesjonsvilkår att dette vert teke med og at dei vert pålagt erstatningsansvar ved t.d. stopp i kraftverket.

Sykkylven jeger og fiskeforening

Johnny Winsjansen

Leiar

Sign

Helge Ekornåsvåg

Sekretær

sign